

Førde 22.06.18

Kjære alle saman.

Etter 28 år ligg talet på frivillige på Førdefestivalen rundt 350 menneske, og vi er fantastisk glade for å ha blitt ein så stor gjeng med dyktige medarbeidarar som gjev alt for å skape gode opplevingar i Førde. Tusen takk for at du vil vere med på laget!

FRIVILLIGMØTE I FØRDEHUSET

Vi ynskjer alle våre frivillige vel møtt til orienteringsmøte søndag 1. juli og håper alle har høve til å kome. Dette møtet er den viktigaste informasjonsøkta du som frivillig får i samband med arbeidet på festivalen! Ver venleg og gje beskjed til arbeidsleiaren din dersom du *ikkje* kan kome.

SUNDAG 1. JULI KL. 19:00 I FESTSALEN

Det blir og infomøte for dei enkelte gruppene. Der får du svar på alt du lurar på i høve til ditt ansvarsområde.

Søndag 1. juli

17:30 – 19:00 Artistkontakter	Musikkrommet, 2.et.
17:30 – 19:00 Backstage og idrettshallansvarlege	Personalkantina, 2.et.
19:00 – 20:00 Fellesmøte for <u>alle</u>	Festsalen, 1.et.
20:00 – 20:30 Parkeringsvakter	Kontoret til J. Bengtsson, 2.et
20:00 – 21:00 Arenaansvarlege	Personalkantina, 2.et.
20:00 – 21:00 Frivilligkjøkken	Frivilligkjøkkenet, u.et.
20:00 – 21:00 Artistservice, vertskap, vakter, riggarar og sjåførar	Musikkrommet, 2.et.
20:00 – 22:00 Utdeling av T-skjorter, fribillettar og akkreditering	Billettkontoret, u.et.

Fribillettar og medarbeidarpass skal i hovudsak hentast ut etter informasjonsmøtet, men det er og høve til å ta ut fribillettar dagleg i festivalveka **før kl. 12:00**.

Har du spørsmål om billettar, ta kontakt med festivalkontoret på tlf. 46 90 50 10.

FRIVILLIGFEST PÅ SCANDIC SUNNFJORD HOTEL & SPA

Etter intense festival dagar har Førdefestivalen gleda av å ynskje alle frivillige hjarteleg velkomne til fest. Vi serverer mat kl. 20:00, og med musikk, dansegolv og glade folk blir det ei feststemt avslutning på festivalveka 2018.

SØNDAG 8. JULI KL. 20:00 LARRIS SCENE, SCANDIC SUNNFJORD HOTEL

Med helsing Førdefestivalen



Hilde Bjørkum (s)

Marion A. Wie

